



Den nye fabrikk sjefen hos Hjørnevåg, Askil Hauge, er svært godt nøgd med jobbskiftet. Her er han saman med dagleg leiar Marit Hjørnevåg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Valebuen Askil Hauge (32) har sidan årsskiftet vore ansatt som fabrikk sjef hos Brødrene Hjørnevåg i Uskedalen. Han er stedfortredar for dagleg leiar Marit Hjørnevåg og ansvarleg for leiinga av produksjonen.

Dagleg leiar har ei tid vore "på jakt" etter ei høgare hand og ho fann han altså til slutt i Kvinnherad. Askil har ein solid fagleg bakgrunn både med omsyn til utdanning og praksis. Frå 1997 til 2001 var han elev ved høgskolen i Bodø og vart fiskerikandidat i akvakultur. Han har ni år bak seg som ansatt i Vikingfjord sitt lakseslakteri på Sunde, mykje av tida som ein av formennene for ein stab på 40.

- Men no ville eg freista noko nytt og her hos Hjørnevåg er arbeidet mykje meir variert, seier Askil, som bur på Sandvoll med sambuar frå Hvaler. Han er ikkje i tvil om at det var ei riktig avgjerd å satsa på den høgt rennomerte fiskematbedrifta i Uskedalen, der han trivs svært godt.

Hjørnevåg har no 13 tilsette og Marit Hjørnevåg opplyser til uskedalen.no at dei ikkje har planar om å utvide staben meir førebels.

Det er nyleg tilsett ein kombinert produksjonsarbeidar og logistikkansvarleg og for få månader sidan vart to polakkar tilsett. Dei har fagbrev som konditor og bakar og får attest både frå dagleg leiar og fabrikk sjef for å vera svært dyktige. No har 8 av dei 13 tilsette fagbrev og dei andre har vore tilsett der i mange år. Den faglege kvalitet hos staben ligg med andre ord på eit høgt nivå.

I fjor omsette Hjørnevåg for rundt rekna 30 millionar og satsar på det same i år.

- Det skal gå fint, er kommentaren til den nye fabrikk sjefen.

Hjørnevåg har gradvis utvida sitt område og har no leveransar til heile Sør-Noreg opp til Trondheim. Gjennom Trondheim-grossisten er det sendt varer heilt til Tromsø.

- Men vi har framleis hovudfokus på leveransar til daglegvarebutikkar og kjem til å halda fram med det, opplyser dagleg leiar.

- Men det er skjedd ei omstrukturering på kunde-sida?

- Ja, der fekk vi nye utfordringar i og med at Drageset vart oppkjøpt av Norgesgruppen og dermed "mista" omtrent ein tredjedel av omsetnaden.

Men gjennom våren har vi satsa på å kompensera dette med auka leveransar direkte til grossistane og har kome langt i så måte. Vi er difor ved godt mot, konkluderar Marit Hjørnevåg.

Av Ola Matti Mathisen